

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 05.06.2025
Tid: Kl. 10:00 - 12:30

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Anne Merete Takle	AP
Christian Hatlem Skår	AP
Kjell Eide	AP
Geir Helge Nordstrand	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP

Merknader:

Geir Helge Nordstrand gjekk frå møtet 12:10.

Referent: Elin Garnes Solås

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/029	Godkjenning av innkalling
25/030	Godkjenning av sakliste
25/031	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/032	Referat- og orienteringssaker
25/033	Utvalet sitt kvarter
25/034	Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2024
25/035	Klage på vedtak: Søknad om midlar til leirduekastar

25/029: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 05.06.2025

Handsaming:

FORM- 25/029 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

25/030: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 05.06.2025

Handsaming:

Referatsakene vart handsama etter sak 25/035.

FORM- 25/030 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

25/031: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 05.06.2025

Handsaming:

FORM- 25/031 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

25/032: Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Formannskapet 05.06.2025

Handsaming:

Kommunedirektøren m.fl. orienterer og inviterer til dialog om:

- prosjekt "Hyllestad skule"
- økonomisk utvikling 2025 - 2028
 - revidert nasjonalbudsjett og kommuneopplegget for 2026
 - innsparingskrav og rammeløyving per sektor
 - justering av økonomiske måltal

- langsiktig investeringsplan over 10 år
- status prosess og oversikt moglege tiltak for å nå innsparingskrav vedtekne for 2026

Aktuelt frå ordføraren:

- SUM - orientering frå møte 4.6.25.
- Ambulansetenesta, stasjonen i Lavik og mellombels flytting til Dale - orientering frå møte 4.6.25 med Helse Førde. Blir å arbeide vidare med saman med Høyanger.
- Oppslag i Firda om legevakt og kutt frå Sunnfjord kommune, ordførar vil følgje opp denne saka.

Orientering om drifts- og samarbeidsavtale mellom HUP og kommunen v/styreleiar Christian Hatlem Skår. Saka blir også orientert om i kommunestyret.

FORM- 25/032 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

25/033: Utvalet sitt kvarter

Formannskapet 05.06.2025

Handsaming:

SP v/Dag Ove A. Myklebust spurte etter status knytt til taxiordninga. Kommunedirektøren orienterte kort.

AP v/Christian Hatlem Skår spurte etter status knytt til tilflyttarkontor. Kommunedirektøren orienterte om arbeidsmøte som er kalla inn til i veke 25.

AP v/Kjell Eide tok opp spørsmålet om bustadprosjekt - her har kommunen søkt Husbanken om midlar til prosjektstilling, forhåpentlegvis får ein svar på søknaden i løpet av kort tid.

FORM- 25/033 VEDTAK:

25/034: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2024

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2024 slik dei ligg føre.

Administrasjonsutvalet 05.06.2025

Handsaming:

Innspel/dialog om oppbygging av framtidige årsmeldingar:

- Framsikt er ok å finne fram i, men linkane bør vere lett tilgjengelege/lett å finne og opne.
- Litt mykje tekst, fint om den kan bli litt kortare og at det er endringar som kjem fram.
- Bra om kvalitet blir knytt meir opp mot mål. Viktig å ha fokus på kvalitet.
- Beskriving av tenesta og tal tilsette/årsverk kan med fordel vere som vedlegg.
- Nyttig med organisasjonskart over heile kommunen - dette ønskjer administrasjonsutvalet framlagt til komande kommunestyremøte.

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

ADMU- 25/009 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2024 slik dei ligg føre.
Formannskapet 05.06.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 25/034 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2024 slik dei ligg føre.

25/035: Klage på vedtak: Søknad om midlar til leirduekastar

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommune vedtek å avvise klage. Opprinneleg vedtak vert opprettheldt.

Formannskapet 05.06.2025

Handsaming:

H v/Geir Helge Nordstrand sette fram endringsframlegg:

“Hyllestad jakt- og fiskelag får tilskot kr 50.000 frå viltfondet til leirduekastar”.

Det vart røysta over endringsframlegget, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 25/035 VEDTAK:

Hyllestad jakt- og fiskelag får tilskot kr 50.000 frå viltfondet til leirduekastar.